



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Dato: 01.09.2020

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **Høyring - forslag til endringar i plan- og bygningsloven mv.**

Vi viser til forslag til endringar i plan- og bygningsloven mv. frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med høyringsfrist 1. sept. 2020.

FNF Møre og Romsdal bryr seg om natur og friluftsliv. Vi prøver etter beste emne å medverke til at ein tek omsyn til livsgrunnet for framtidige generasjonar ved å sette av nok areal til dette. Vi registrerer at utbyggingsinteressene i dei alle fleste tilfeller vinn fram og fryktar at dette vil bli enno lettare ved det forslaget til endring av plan- og bygningslov som no ligg til høyring. Vi vil peike på nokre element som rører ved dette.

Det vi alle veit er at kommunen har ansvaret for kommunal planlegging etter plan- og bygningsloven og skal ivareta også nasjonale og regionale interesser. Kommunen kan treffe bindande planvedtak, så lenge det skjer innanfor dei rammer og retningslinjer som er gitt frå nasjonalt og regionalt nivå. Bestemmelsane om innsigelse til kommuneplanens arealdel og reguleringsplan er kompetanseregler som begrense kommunens myndigheit, der det er nødvendig for å sikre at nasjonale og vesentlege regionale interesser blir godt nok ivaretatt.

FNF Møre og Romsdal har i mange år vore bekymra for fylkets kommunar si slepphendte haldning til utbyggingsplanar i det heile. Dette i form av våre innspel til enkeltsaker samt i det generelle bildet om manglande omsyntaking til vesentlege nasjonale/regionale interesser. Blant anna formulerte vi i eit brev 01.06.2017 ei bekymring til våre kommunar, fylkesmann og fylkeskommune om vår realpolitikk på feltet (sjå vedlegg) der vi blant anna viste til motsegnstatistikken (sjå figur under) der vi spurte om kva utfallet av desse sakene var.

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**


Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal




*Tabell – Motsegn i Møre og Romsdal 2010-2016 (frå SSB)*

Ei oversikt laga av Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser at etter regjeringsskiftet i 2013 er motsegner til kommunale planar sjeldnare blitt tekne til følgje. Regjeringa Solberg har stadfesta vedtaket til kommunestyret i 50 prosent av sakene, medan regjeringa Stoltenberg II berre støtta kommunen i 22 prosent av sakene (sjå figur under).



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal



Figur 7.15 Motsegnssaker handsama av regjeringa Stoltenberg II (til venstre) og regjeringa Solberg (til høgre).

Kjelde: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

For natur, naturmangfoldet og jordvernet vil vel dette i praksis tilseie mindre hensyntaken til dei grønne verdiar i den siste perioda (regjeringa Solberg) medan kommunane fekk større sjølvstyre.

**Slik vi ser det vil forslaget til lovendringa som no ligg til høyring med meir lokalt sjølvstyre og ein ytterlegare vingeklipping av regionale/statlege faginstansar, føre til ytterlegare mindre hensyntaking til dei grønne verdiar.**

Møre og Romsdal fylkeskommune skal ta i vare regionale mål og interesser i planlegginga av areal. Dei har mellom anna eit regionalt planforum der konkrete utbyggingsplaner blir diskutert. Riksrevisjonen kom nyleg med ein rapport om plansaker og korleis desse blir handsama ([https://www.riksrevisjonen.no/globalassets/rapporter/no-2018-2019/innsigelser\\_plansaker.pdf](https://www.riksrevisjonen.no/globalassets/rapporter/no-2018-2019/innsigelser_plansaker.pdf)) der dei mellom anna evaluerte dei regionale planforuma. Vi meiner å sjå at riksrevisjonen i sin rapport uttrykker mykje av dei same bekymringar for natur og friluftslov som vi gjer og ser forbettringspotensiale som ligg blant anna i planforumet. FNF Møre og Romsdal bad difor 25.02.2029 om å få delta i planforumet for å vekte dei grønne og ålmenne interesser, noko vi har fått avslag på. Samstundes ser vi at utbyggerane lett opptre der saman med kommunen sin i det same regionale planforumet. **Slik høyringa no legg opp til meir lokalt sjølvstyre i kommunane og med fylkeskommunen i rådgivarfunksjon trur vi dette lovforslaget fører til mindre medverknad.**

Vi er spesielt opptekne av kva som skjer mot sjøen/kystsona. Møre og Romsdal har idag ingen gjeldande regional plan for kystsona i fylket. Den første og einaste



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

plana som har vore er «Fylkesdelsplan for strand- og kystsonen 2001- 2005». Denne plana omhanda areal frå 100-meterslinja på land og til grunnlinja i sjø, og viste til tre hovedutfordringer for arealforvaltninga: (i) næringslivet sitt behov for areal langs kysten, (ii) unngå bit-for-bit-forvaltning av areal og (iii) ålmenta sin tilgang til rekreasjon langs kystsonen. Plana satte opp eit generelt mål og vidare ein rekke overordna strategiar, mål og retningsliner for strand- og kystsona i fylket. I regional planstrategi for 2012- 2016 blei det foreslått at denne plana skulle reviderast ut frå ny planlov og de statlige planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning. Dette ble ikkje gjort og plana ble avvikla ved regional planstrategi for 2016- 2020. I ettertid er det ikkje vedteke regionale planar som gir arealpolitiske føringer for strand- og kystsonen. Det betyr at kommunane i vårt fylke ikkje har regionale føringar for planlegging i strandsona.

Då vi berre må konstatere at regional styring fins ikkje i vårt fylke er det vel betimeleg å spørre om det er kommunal planlegging i strandsona ? Nå er vi så heldige at dette har vore analysert nokså nyleg. For i ei nyleg masteroppgåve ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet med tittel; « *Er planleggingen av strandsonen i Møre og Romsdal differensiert? - en studie av omfang og håndtering av "annen byggegrense" i kommuneplanenes arealdel* » av Ragnhild Naug Aas (sjå <https://hdl.handle.net/11250/2660731>) har ho kome til;

*«Resultatet i studien viser at kommunene i Møre og Romsdal håndterer byggeforbudet i strandsonen og fastsetting av «annen byggegrense» etter Pbl § 1-8 på ulik måte. Av totalt 24 undersøkte kommuner, har 16 kommuner fastsatt «annen byggegrense», mens åtte kommuner har valgt å opprettholde det generelle byggeforbudet i overordnet plan.»*

Vidare skriv ho; «Oppsummert trekkes derfor konklusjonen at det i hovedsak er fire årsaker som kan tilskrives ulik tilnærming til planlegging av strandsonen. Disse er (i) naturgitte forhold, (ii) vage statlige føringer og manglende regional føringer (iii) ulik persepsjon og prioritering og (iiii) kapasitet, kompetanse og økonomi.»

Etter vårt skjønn har vi med dette studiet fått stadfesta at det er ulik oppfatning om kva som er tilgjengeleg strandsona i kommunen (og kor mykje press som utøves på denne) og kva slags motsetning det er mellom nasjonal strandsonopolitikk (fokus vern) og lokal politikk (fokus utvikling/utbygging). **Vi registrerer i dag at våre innspel om å ta omsyn til ålmenneheitas sin tilgang til strandsona og ta vare på naturen blir overkøyrd av enkeltindivid sine utbyggingsønskje. Vi fryktar at ved dette forslaget til endring av plan- og bygningsloven blir maktbalansen forskjøve enno meir mot utbygging og fellesskapet taper enno meir.**



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

### **Konklusjon**

Vi ønskjer å ha grønne lunger i byane/tettstadane våre, skog i nærområda, myrer, planter, vasstrengar som lever, tilgjengeleg natur og strand. Vi deltar i planprosessane på vegne av ålmenta fordi lova sikrer oss moglegheita og fordi vi trur at det vinn fram på sikt. Vi ønskjer ikkje forslaget til ny plan- og bygningslov som no ligg til høyring velkoment. Om det skal endrast noko i den lova må det heller gå andre retninga slik at natur og ålmenta tener på det.

Med helsing

Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli  
koordinator

Vedlegg:

Vårt brev av 01.07.2017 om realpolitikken - arealbruk knytt til jordvern og naturmangfold

Vårt brev av 25.02.2019 om regionalt planforum

Kopi:

Kommunane i fylket

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)